

Vår sakshandsamar
Arne Myklebust, Arne.Myklebust@hivolda.no

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassevegen 11
6103 Volda
postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Dykkar referanse

Vår referanse
14/01832-3

Vår dato
19.01.2015

Høyring – Forslag til endringar i barnehageloven og tilhøyrande forskrifter

Kunnskapsdepartementet ber oss kommentere på:

- Gi Fylkesmannen mulighet til å føre tilsyn med barnehager.
- Presisering av barnehagenes arbeid med dokumentasjon og vurdering.
- Begrepet «barnehagelærer» erstatter begrepet «førskolelærer».

Vi har valt å gje eit høyringssvar om presiseringa av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering.

Det er viktig med klargjeringar og presiseringar. Slik det er formulert gjennom lov og rammeplanen i dag, er området utydeleg og flytande og opnar for svært ulike praksis.

Det er viktig å ivareta barns personvern og ei klargjering og presisering av rammene er difor viktig.

Eit felles utgangspunkt for pedagogisk refleksjon og praksis er viktig for å utvikle kvalitet i barnehagen og for at pedagogisk leiar skal kunne leie og rettleie personalet.

Dokumentasjon av prosessar som grunnlag for å analysere og forbetre praksis er vel relativt godt kjent i barnehagen og føregår i det daglege. Det er viktig å synleggjere praksis og å gjere denne til gjenstand for kritisk gransking, både innanfrå og utanfrå. I eit profesjonsperspektiv kan dette bidra til å styrke barnehagelæraren sin posisjon.

Men dette treng ikkje vere relatert til standardiserte verkty eller av kartleggingsmateriell, som ein opplever stadig sterkare fokus på og som også er signalisert gjennom forslaget i ny lov.

Dokumentasjon som grunnlag for å forbetre praksis er ikkje noko nytt i barnehagen. Det nye er alle dei ferdige systema og pakkane som blir utvikla på området

I eit profesjonsperspektiv er det viktig at barnehagelærarane sjølve har kontroll over kva slags metodar som skal nyttast. Det er også dei som er best kvalifiserte til å gjere slike val, både ved at det er dei som står tettast på barna og at dei har ein fagkompetanse som gjer dei kompetente til å ta slike val. Barnehagelærarane må kunne velje dei metodane dei finn mest fagleg relevante.

Å overlate beslutningsansvaret til eigar, betyr at ein overlet dette til eit nivå som i mange tilfelle ikkje har den nødvendige faglege og pedagogiske kompetansen. Å flytte ansvar frå barnehagelærar til eigar og eit politisk nivå, kan innebære ei undergraving av barnehagelæraren sin profesjonelle status.

Formuleringa: «*eier har dermed rett til å velje hvilke systemer, verktøy og metoder bhg benytter innenfor gjeldende regelverk*» gir eit uheldig signal. Sjølv om det er lagt opp til fagleg samarbeid med

pedagogane, gir dette eigar ein svært sterk styringsrett og ein rett til å pålegge pedagogane å bruke bestemte metodar.

Vi ser allereie at kommunar og private eigarar pålegg barnehagane å nytte særskilt kartleggingsmateriell, sjølv om barnehagelærarane vurderer desse til å vere lite nyttige for det pedagogiske arbeidet. Blant anna blir mange pålagt å bruke TRAS på barn som har eit anna morsmål enn norsk, sjølv om dette har vist seg lite eigna for denne gruppa.

Dette eksemplifiserer dilemmaet ved at det ikkje er dei som sit med fagkompetansen og er nærast borna som har mest innflytelse i val av metodar.

At barnehagelærarane kan påleggast å bruke system dei ikkje kan stå fagleg inne for, kan bidra til ei svekking av autonomi og legitimitet. Det er krevjande å skulle argumentere fagleg for noko ein sjølv ikkje kan stå inne for.

Å måtte gjere seg nytte av metodar ein er fagleg ueinig i, kan difor svekke barnehagelærarane sin legitimitet mellom anna i forhold til foreldre.

I teksta legg ein vekt på at dokumentasjon skal gi foreldra tillit til at vurderingar er gitt basert på eit tilfredsstillande fagleg skjønn.

Rammeplanen har til no gitt stor grad av metodefridom, noko som gir grunnlag for eit sterkt skjønn med vide rammer. Dette kan no bli stramma inn.

Formuleringa om eigars rett til val av metodar kan redusere foreldra sin tillit til barnehagelærarane sin kompetanse, og kan opplevast som ei manglande politisk tillit.

Ein konsekvens av dette er at det også kan redusere barnehagelærarane sin tillit til eigen faglegheit, ved at dei blir fråtatt mynde til å ta sentrale val innanfor profesjonen.

Ei innstramming av metodefridom kan sjåast som ei redusering av barnehagelæraren sin kunnskapsbaserte skjønnsutøvelse og autonomi og vere uttrykk for manglande tillit, slik mange forskarar har tatt til orde for i debatten.

Sjølv om det er viktig å synleggjere barnehagen sitt innhald, kan den sterke vektlegginga på dokumentasjon og kartlegging bidra til å redusere heilheitstenkinga i barnehagen ved at ein vel ut spesifikke sider, som til dømes språk som har vore særleg vektlagt i det siste.

Dette rører også ved ideen om at alt kan målast. Barnehagen sitt arbeid er prega av ei ontologisk usikkerheit, der mykje av det pedagogiske arbeidet i liten grad let seg direkte måle. Det kan føre til at ein fokuserer på det som kan målast og dokumenterast og neglisjerer andre viktige område. Det kan opne for ein meir instrumentell pedagogikk som bryt med den norske barnehagen sin eigenart.

Vi er samde i at omgrepet «barnehagelærar» skal erstatte omgrepet «førskulelærar».

Med helsing

Arne Myklebust

Dekan avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Høgskulen i Volda